



**FYLKESMANNEN
I ROGALAND**

Dykkar ref.:

Vår dato: 15.05.2014

Vår ref.: 2014/5509

Arkivnr.: 521.1

Forsand kommune
Kommunehuset
4110 Forsand

Postadresse:
Postboks 59 Sentrum,
4001 Stavanger

Besøksadresse:
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

www.fylkesmannen.no/rogaland

Forvaltningskontroll i Forsand kommune

Vi syner til mail av 11. april der Forsand kommune får varsel om forvaltningskontroll. Vidare viser vi til avtale om forvaltningskontroll i kommunen den 20.05.14.

Fylgjande blir agenda på møtet:

09:00-09:30 Opningsmøte
09:30-11:15 Forvaltningskontroll
11:15-11:45 Lunch
11:45-13:45 Forts. forvaltningskontroll
13:45-14:30 Internt drøftingsmøte Fylkesmannen
14:30-15:00 Sluttmøte
15:00 Kontroll slutt

Fylgjande tema er valt ut for kontrollen:

1. Delegasjonsreglement
2. Sakshandsamingsrutinar sjukdomsavløyising
3. Sakshandsamingsrutinar generelt og PT
4. Risikovurderingar
5. Driftsfellesskap
6. Beitetilskot
7. Reaksjonar ved avvik

Under desse temaene ynskjer vi at kommunen gjer greie for mellom anna:

1. Kva rutinar har kommunen for handsaming av innkomne søknader om avløysartilskot under sjukdom.
2. Kva rutinar har kommunen for handsaming av innkomne saker om produksjonstilskot.
3. Kva risikovurderingar gjer kommunen når ein plukkar ut føretak til stikkprøvekontroll. Vi ber om dokumentasjon på at kommunen har utarbeidd eit system for utplukk.
4. Kva rutinar har kommunen for å kontrollere at det er/ikkje er driftsfellesskap, herunder driftsfellesskapsvurdering i tilfelle der fleire søker produksjonstilskot på same landbrukseigedom?
5. Kva undersøkingar gjer kommunen når det er misforhold mellom areal og dyretal ved søknad om beitetilskot?

6. Kva reaksjonar har kommunen ved funn av feil i søknad eller regelverksbrot?

Vi ber kommunen finne fram dokumentasjon på førehand på:

- Delegasjonsreglement
- Saker/søknader om avløyartilskot under sjukdom 2011, 2012 og 2013
- Saker/søknader det siste året der kommunen har vurdert driftsfellesskap og tilhøyrande dokument
- Søknader for august 2013 som vart plukka ut til stikkprøvekontroll, inkludert aktuell dokumentasjon
- Søknader for januar 2014 som vart plukka ut for stikkprøvekontroll, inkludert aktuell dokumentasjon

Frå Fylkesmannen vil landbruksdirektør Hadle Nevøy, Sissel Endresen, Maja Stanojevic og Ragnhild Hole møte. Hadle Nevøy vil innleie møtet. Ragnhild Hole vil være kontrollør og Sissel Endresen vil være medkontrollør og skrivar. Maja Stanojevic vil ha ansvar for å kontrollere avløyning ved sjukdom.

I etterkant av kontrollen vil det bli skrivi ein rapport som kommunen vil få tilsendt for gjennomlesing. Kommunen har moglegheit til å kome med kommentarar/tilbakemeldingar på rapporten før den endelege rapporten er klar.

Med helsing

Hadle Nevøy
landbruksdirektør

Ragnhild Hole
rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Ragnhild Hole
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 81
E-post: fmrorho@fylkesmannen.no